

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	01.06.2022
Vår referanse	2022/38684-10
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Berit Vik
E-post	Berit.Vik@vlfk.no
Telefon	41321036

Kulturminnefagleg fråsegn - reviderte planteikningar - kart - tilbygg på driftsbygning - gnr. 171 bnr. 5 - Alver kommune

Vi viser til revidert søknad motteke 18.05.2022, tilleggsutale frå landbruksavdelinga datert 11.05.22, vårt kulturminnefaglege fråsegn datert 07.04.2022 og innvilga søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8.1 datert 23.05.2022 (sjå vedlegg). Revidert søknad gjeld etablering av tilbygg til driftsbygning på Seim. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Reviderte søknad

Seksjon for kulturarv har motteke revidert søknad for tilbygg til driftsbygninga på Seim. Tidlegare omsøkte tilbygg var vist med utgang i aust. I vårt kulturminnefaglege fråsegn blei det sett krav om utgang i sør.

Reviderte søknad viser ei forlenging av eksisterande tilbygg utan innvendig delevegg, utgang i sør til dyr og utgang i aust til utkøyring av talle/gjødsel. I aust skal det settast inn ein skyveport. Vi viser i denne samanheng til alternativ 4 i landbruksavdelinga si tilleggsuttale, datert 11.05.2022, som skildrar den løysinga som har resultert i revidert søknad.

Kulturminnefagleg vurdering

Revidert søknad, som skildra i alternativ 4 frå landbruksavdelinga, er ei god løysing som vil vere meir skånsam for postvegen. Opninga i aust skal berre nyttast til utkøyring av talle eit avgrensa antal i året. Utgang i sør vil gi redusert dyretrakk i postvegen. Løysinga viser at det blir teke omsyn til dei viktige kulturminneverdiane i området, ved at ein unngår intensiv drift på postvegen. Vi vil også understreke at det er svært positivt at kulturlandskapet på staden blir haldt i hevd.

Kulturmiljøet på Seim har høg verdi, også i nasjonal samanheng. Arkeologiske funn og andre spor i landskapet viser til ei stor tidsdjupne som framleis er lesbar, og synleggjer at Seim har vore ein viktig stad i førhistorisk tid og utover i mellomalderen. I vårt førre fråsegn presiserte vi følgjande: "Det er kjente automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne i nærområdet til det aktuelle arealet. Tiltaket gjeld oppføring av tilbygg innanfor omsynssona til den Trondhjemske postvei og nær dei automatisk freda kulturminna. Vegfaret der postvegen gjennom Seim ligg i dag, er truleg førhistorisk. Då det ligg fleire automatisk freda kulturminne i tilknytning til denne. Dette er mellomaldertun, mellomalderkyrkjegard og fleire førhistoriske gravminne. Det var vanleg å legge gravminne ved viktige ferdselsårer, samt kyrkjegardar ved framståande gardar. Det er sjeldan at ein ser såpass intakte kulturmiljø som på Seim, der enkeltminna står fram og er lesbare som del av eit heilskapleg kulturmiljø."

I sine innspel i saken har både kulturavdelinga i Alver kommune og Statens Vegvesen understrekt verdiane og tidsdjupna til kulturmiljøet på staden. Vi er samde med kulturavdelinga i Alver om at tilkomsten til gravplassen må sikrast, utan at dette går på bekostning av bevaringa av postvegen. Statens Vegvesen presiserer også at det er viktig at postvegen skal brukast og opplevast som turveg.

Tilgjenge og tilrettelegging er noko Vestland fylkeskommune gjerne vil vere med og drøfte på eit seinare tidspunkt. Statens Vegvesen understrekar dessutan følgjande: "Vi set som ein føresetnad at plasseringa av tilbygget ikkje kjem i konflikt med postvegen, og vi vil også spesielt nemne eit tre som står i området rett på nedsida av vegen (dette er å sjå på bildet som er vedlagt søknaden). Dette meiner vi bør stå som del av vegens avgrensing og nære vegetasjon, og som også ligger innanfor vegens omsynssone." Vestland fylkeskommune er samde i at dette treet er viktig å bevare dersom dette er mogleg.

Vi viser til vår konklusjon i vårt fråsegn datert 07.04.2022, og ber om at følgjande kulepunkt blir sett som vilkår i eit eventuelt løyve :

- Del av postvegen som blei reetablert i samarbeid med Vestland fylkeskommune i 2021, må attsåast slik at vegetasjonsdekke blir reetablert på staden.
- Opninga i aust skal berre nyttast til utkøyning av talle eit avgrensa antal i året. Vi viser i denne samanheng til § 4.2.4, a) i kommuneplanen sin arealdel og § 6.2.3 Område SP5 i gjeldande reguleringsplan.
- Eksisterande forstasjon må flyttast ut av traseen, slik at ein unngår forrestar og samling av dyr, som gir auka press på postvegen

Konklusjon

Vestland fylkeskommune ser det som svært positivt at drifta held fram og ivaretek det karakteristiske kulturlandskapet på staden. Vi er av den oppfatning at dei nye løysingane i revidert søknad er gode. Vi ber om at våre presiseringar over blir sett som vilkår i eit eventuelt løyve.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik

leiar

KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad og Berit Vik

seniorrådgjevarar

KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift